

Spenstig årsprogram i

Vidar Johnsen, Helge Jordal, Olav Stedje, Hanne Sørvaag, Busserulls og Ausekarane. Det blir eit spennande kulturår i Langevåg bygdatun, inkludert nyskriven revy.

Det brakar laus i alt i kveld når Vidar Johnsen spelar opp. Den tidlegare Vamp-vokalisten skulle vera velkjent for dei fleste, men dette er berre starten på eit rikhaldig kulturprogram i storstova i Langevåg.

Påskefest

Neste post på programmet kjem påskeaftan. Då blir det invitert til påskefest, der Kjell Vidar Monsvik spelar opp til dans. Artisten frå Karmøy spelar rock, blues og rock 'n' roll. 28. april kjem ein kjent og kjær visesongar som skriv tekstane sine på nynorsk. Olav Stedje passerte 30 år som artist i 2011, og er såleis ein av veteranane i bransjen. Han slo igjennom nasjonalt med «Me vandrar saman» i 1981, og han er også særskilt kjent for «Ta meg med», «En nordmann sin draum» og supportersongen til fotballklubben i Sogndal, «Stao no pao».

– Han skal halde konsert hos oss og i Etne i vårt område, fortel dagleg leiar Frode Urangsæter i Langevåg bygdatun.

Pubkveld og fiskefestival

Helga etter 17. mai blir det også aktivitet i bygdatunet. Laurdag blir det høve til hyggjeleg samvær og nyte god mat med god drikke til. Då blir det invitert til pubkveld med grilling. Tradisjonen med fiskefestival i regi av Bømlo båtlag held fram også i år. 24. juni blir det jakt på storfangsten, og på kvelden opnar Langevåg bygdatun dørene til «Afterfishing». Då er det Total 50 som spelar opp, med Geir Sørenes, Owe Håstø, Kenneth Larsen og Jan Terje Larsen.

– Då håper me mange tek tu-ren. Det blir ei fin avslutning på fiskefestivalen, seier Urangsæter.

Hanne Sørvåg

I år som i fjor blir det Camp Kåso ei veke i byrjinga av juli. Her blir det meld inn aktuelle dugnadsprosjekt som kan vera til fordel for bygda, og så kan bygdefolk bidra på den måten det passar best, anten det er med material, pengar eller dugnadsarbeid. Tilskipinga i fjor var svært vel-lukka, og veka vart då avslutta med konsert i Sokkamyra. Den gong var det Aina Størksen som heldt konsert.

I år kjem Hanne Sørvaag. Ho er velkjent både som artist og låtskrivar for andre. Låtane

hennar har vore framførte både i American Idol og Eurovision. Maria Arredondo framførte låten «Brief and Beautiful» og toppa hitlistene her i Noreg. Songen vart skriven av Sørvaag. I seinare år har Sørvaag gitt ut platene «Cover Me», «All is Forgiven» og «Christmas Lights». I tillegg har ho vore mentor i «The Voice».

Kystsogedagane

Også i 2017 blir det tilskiping i samband med Kystsogevekene i Langevåg. Som vanleg blir det messe med stands, olabilløp og mykje liv og røre. Denne siste helga i august blir det dessutan mykje god underhaldning. Fredagskvelden blir det sjømatbuffet og nyskrive show med Busserulls, også kjent som det eldste boybandet i Noreg. Det er utruleg å tenkje på at Busserulls, med ulike besetningar, har halde det gåande i 55 år. I dag er det Gunnar Andersen, Jostein Hveding og Kurt Johansen som utgjer 3 Busserulls. Kvelden etter kjem Ausekarane med sitt show til Langevåg bygdetun, så her blir det mykje god underhaldning å få med seg.

Jordal og revy

Siste laurdagen i september blir det for tredje året på rad familiens aktivitetsdag i samarbeid med Bømlo IL. Det blir rebusløp og mange aktivitetar for små og store. To veker seinare, i midten av oktober, kjem Helge Jordal til bygdatunet. Han skal framføre «Terje Vigen». Urangsæter seier han gler seg til begge desse tilskipingane. Månadene etter blir det ein verkeleg godbit når det for første gongen på svært mange år blir sett opp ein revy av og med aktørar frå Langevåg med omland.

– Me held på med å skrive materiale til denne revyen no. Så langt har me arbeidsnamnet «Jantevågsrevyen», seier Urangsæter med eit stort smil. Året blir avslutta med romjulsdans i samarbeid med Bømlo IL. Så langt er det ikkje klarlagt kven som spelar opp til dans.

Steinriket Bømlo

Det blir også andre aktivitetar i løpet av året som det kan vera verdt å merka av i kalenderen alt no.

– Det blir Steinriket Bømlo-seminar 22. og 23. april, feiring av filippinsk nasjonaldag 10. juni, rundtur med «Gå på» 16. juni og julemesset til kvinne- og familie-laget 18. november. Her blir stor aktivitet og noko både for ung, gammal og dei midt imellom, seier Urangsæter.

– Korleis vart fjaråret for dykk økonomisk?

– Me fekk eit godt 2016. Det var stor aktivitet på kjøkenet i fjor, ikkje minst med omsyn til catering.

Bn Håvard Hammarstrøm
håvard.hammarstrom@bomlo-nytt.no



JORDAL KJEM: Helge Jordal kjem til bygdatunet med «Terje Vigen». Arkivfoto: Stine R. Rørvik.

LANGEVÅG BYGDATUN: I kveld går startskotet for kulturprogrammet i Langevåg bygdatun. Foto: Håvard Hammarstrøm.